

Detaljreguleringsplan for Givra del 1,

Samandrag og vurderingar av merknader ved offentlig ettersyn i perioden 6.12.2019-3.02.2020.

1. Norges vassdrags og energidirektorat (NVE), 29.01.2020.

I sin konklusjon til merknader, har NVE **motsegn** til følgjande konkrete tilhøve:

- a) «Plankartet må vise 2 typer hensynssoner for flom. H320_1 som er det arealet som ikke sikres og som vises i plankartet pr. nå. Og H320_2 som er den opprinnelige flomsone før sikring. Disse 2 hensynssonene må ha ulike bestemmelser for at tilstrekkelig sikkerhet mot flom skal være tilstrekkelig ivaretatt i tråd med sikkerhetskrav gitt i byggt teknisk forskrift. H320_2 må forby nye byggetiltak (jf. pbl§§ 28-, 1-6 og 20-1) før tilstrekkelig sikring i tråd med gjeldene sikkerhetskrav er på plass.»

Vurdering:

Administrasjonen tilrår å endre plankartet slik det går fram i krav frå NVE ovanfor. Dette inneber at flomsone H320_1 blir utvida opp mot ny E6, i tråd med flombergenskart frå Norconsult (200 årsflom med 40 % klimapåslag). Vidare vil faresone H320_2 (opprinnleg flomsone før sikring) bli vist. Vi vil tilrå at planføresegnene får slikt nytt avsnitt om faresone H320_2: «Det er forbud mot nye byggetiltak (jf. pbl§§ 28-, 1-6 og 20-1) før tilstrekkelig sikring i tråd med gjeldene sikkerhetskrav er på plass.»

- b) «Det er ikke gitt føringer i planbestemmelsene som henviser til de konkrete flomsikringstiltakene i Norconsult notat med oppdragsnr: 5172950, saksnr; N-12, datert 2019-11-12. Det er dette notatet som ligger til grunn for NVEs behandling av vassdragstiltakene etter vannressursloven §§ 5, 8, 18 og 20.»

Vurdering:

Administrasjonen tilrår at planføresegnene får slikt nytt avsnitt i punkt 8 under hensynssone H320_2 og punkt 10: Flomsikringstiltaka skal utføres i samsvar med Norconsult sitt notat, datert 12.11.2019, oppdragsnr. 5172950, saksnr. N-12.

- c) «Planen mangler planbestemmelser som regulerer tidspunkt for når vassdragstiltak skal gjennomføres. En slik føring er vesentlig for NVEs behandling av vassdragstiltakene etter vannressursloven §§ 5, 8, 18 og 20. Gjennomføringsperioden for graving i vannmassene må være mellom 15. juni og 15. september fo»r å unngå tilslamming av rogn i gyttegrusen nedstrøms tiltaket (Gudbrandsdalslågen).»

Vurdering:

Administrasjonen tilrår at planføresegnene punkt 10 får slikt nytt avsnitt: «Tidspunkt for graving i vassdraget er mellom 15. juni og 1.5 september. Ved behov for graving utenom denne perioden, må det søkes om dispensasjon.»

- d) «Det er heller ikke planbestemmelser som gir grunnleggende, vassdragstekniske føringer for å ivareta erosjonssikkerhet i nytt elveløp, for på denne måten å ivareta sikkerhetskrav gitt i byggt teknisk forskrift. NVE mener følgjande bestemmelser må tas inn i planen for at dette er tilfredsstillende ivaretatt:
- *Skråninger må erosjonssikres med steinplastring eller tørrmur. Erosjonssikringen må dimensjoneres for aktuelle belastninger. Ved bratte skråninger, kan tørrmur være*

meir aktuelt. Erosjonssikring av skråningar, må fundamenteres/hvile på en fotgrøft med stein av tilstrekkelig størrelse. Det vises for øvrig til detaljprosjektering i Norconsult notat med oppdragsnr: 5172950, saknr; N-12, datert 2019-11-12.»

Vurdering:

Administrasjonen tilrår at ovannemnde forslag til føresegner NVE blir nytt avsnitt i planføresegnene, punkt. 10.

Vidare har NVE følgjande faglege tilrådingar:

- e) NVE tilrår at ein legg inn skravur på midlertidige anleggsområde (bestemmelsesområde), for å auke lesbarheit i plankartet.

Vurdering: *Det er berre flate med kode for midlertidig anleggsområde (RPBESTEMMELSEHJEMMEL 91) som teiknast med flatesignatur på objekttype RpBestemmelseOmråde. I planforslaget er det brukt (RPBESTEMMELSEHJEMMEL2, vilkår for bruk av arealer, bygninger og anlegg). Det er derfor ikkje knytt skravur til den brukte koda.*

- f) Det blir også tilrådd å ikkje etablere ny elvebotn med flat profil, men heller samle vatnet i v-profil av omsyn til miljøverdiar og for å bidra til mindre kjøving.

Vurdering:

Tilbodsteikningar viser prinsipp og skjematisk løysingar. Det blir lagt opp til at botn blir senka 10-20 cm i midten under utføringa, der dette er mogleg, av omsyn til kryssande VA-leidningar, slik at ein får ein liten V-profil i tverrsnittet.

2. Fylkesmannen i Innlandet (FMI), 31.01.2020.

- a) FMI har motsegn etter naturmangfaldlova, på grunn av manglande føresegner om tidsavgrensing for tiltak i vatn og vassdrag. Primært skal tiltak gjennomførast i perioden 15. juni-15. september, for å unngå oppgraving og tilslamming av fiskerogn som ligg nedgravd i grusen, også for viktige område i Lågen.

Vurdering: *Sjå punkt 1c) ovanfor.*

- b) FMI viser til at planføresegnene seier at det kan deponerast reine masser, men at omgrepet deponi er meir knytt til avfall, slik at det er meir riktig at føresegnene blir endra til at reine overskotsmasser skal gjenbrukast innanfor bestemmelsesområde #3 og #4.

Vurdering: *Ok, bør følgjast opp ved at ordlyden i punkt 9 om bestemmelsesområde blir endra frå «deponere reine masser», til «gjenbruk av reine overskuddsmasser».*

- c) Bestemmelsesområdene i plankartet mangler flatedanning. FMI tilrår at dette blir retta før sluttbehandling.

Vurdering: *OK, sjå også vurdering i punkt 1 e).*

- d) FMI ber om at det blir vist spesifikt til at retningsliner for støy i arealplanlegging (T-1442/2016) skal leggjast til grunn for tiltaket.

Vurdering: Det blir tilrådd at dette blir følgt opp i planføresegnene.

- e) FMI peiker på at faresone for flaum berre er vist for ein liten del av vassdraget, men at slik omsynssone i utgangspunktet skal vise tilhøva slik dei er i dag. Samt at planen også kan vise omsynssone etter sikring.

Vurdering: Temaet blir følgt opp i plankartet, jf. vurdering i punkt 1a).

3. Mattilsynet, 30.01.2020.

Matlova krev at det utvisast aktsemd, slik at det ikkje oppstår fare for utvikling eller spreiding av planteskadegjerarar. Føresegnene bør innehalde krav om at Mattilsynet må kontaktast før igangsetting av anleggsarbeid, for å få informasjon om status for ulike skadegjerarar, inkludert floghavre, kva for vilkår som gjeld og kva for tiltak som må iverksetjast.

Vurdering: Krava i matlova gjeld uavhengig av reguleringsplan. Ein ser derfor ikkje behov for å ha med ei slik presisering i planføresegnene.

4. Innlandet fylkeskommune, 02.02.2020.

Seksjon for kommunal veiledning og plan og seksjon for kulturarv:

- a) Det er forventa at trafikksikre løysingar for fotgjengarar og syklistar sikrast.

Vurdering: Ok. Følgjast også opp i anleggsperioden.

- b) Det er forventa at retningsliner for støy i arealplanlegging T-1442/2016 blir lagt til grunn i planen.

Vurdering: Dette er vurdert i punkt 2d) ovanfor.

- c) Planforklaringa må gjere nærmare greie for medverknadsopplegget.

Vurdering: Ok. Planforklaringa blir supplert med skildring av opplegget for medverknad.

- d) Planforslaget slik det har vore ute til offentleg ettersyn kan ikkje erstatte behandling etter lakse- og innlandsfiskelova. Det må difor søkjast om løyve til gjennomføring i etterkant av vedteke plan, evt. gi føresegner om at tiltak som berører vassdraget må gjennomførast i perioden 15. juni-15. september, evt. når elveløp er heilt tørt.

Vurdering: Dette er vurdert, jf. punkt. 1c) ovanfor.

- e) Det er i merknaden gitt dispensasjon etter kulturminnelova §8 4. ledd for kulgrop id. 265760. Vilkår for dispensasjon er at følgjande ordlyd blir innarbeida i reguleringsføresegnene: «Detaljreguleringsplan for flomsikring av Givra kan godkjennes uten vilkår om ytterligere arkeologisk undersøkelse av det direkte berørte automatisk fredete kulturminnet kullgrop id 265760 som er markert som bestemmelsesområde #2 i plankartet.»

Vurdering: Det blir tilrådd å følgje opp formuleringa i planføresegnene.

- f) Det blir bedt om at grense for bestemmelsesområde #3 mot LNF vern (bevaringsområde) for kulturminne K1 og K2 flyttast eit lite stykke vekk, slik at grensa blir gjort tydleg i planmaterialet.

Vurdering: *Det bør vere kurant å flytte grensa noko vekk frå bevaringsområdet, slik som tilrådd.*

5. Statens vegvesen, 14.01.2020.

- a) Det blir tilrådd å vise byggjegrænse langs E6 i plankartet.

Vurdering: *For å auke lesbarheita i planen, blir det i plankartet tilrådd å vise byggjegrænse 100 m frå vegmidte i E6.*

- b) Deponering av masser i samband med flomsikringa må ikkje leggjast så nær E6 at dei har verknad for vegen eller fylling/skråningar inntil den.

Vurdering: *Ok. Blir følgt opp under anleggsperioden.*

Hanne-Kristine Risdal
Vinstra, 11.02.2020